

HELG OG HEIM

KYRKJELYDSBLAD FOR FØRDE, NAUSTDAL, HOLSEN OG HAUKEDALEN SOKN

NR. 1 MARS 2026 84. ÅRGANG



God påske!



DEN NORSKE KYRKJA
Sunnfjord kyrkjelege fellesråd

FØRDE KYRKJEKONTOR

Kyrkjevegen 23F, 6809 Førde

Tlf.: 57 82 81 80

www.kyrkja.no/sunnfjord

post.sunnfjord@kyrkja.no

OPNINGSTID:

Måndag – fredag kl. 09 – 14.30

Prost: Knut Magne Nesse

Sokneprest: Ingvald Andersen Frøyen

Prest: Carsten Langeland

Diakon: Anita Øvreås Rusken

Driftsleiar: Ingvar Vagstad

Kyrkjeseekretær: Joy Taylor og Toril Øye

Økonomileiar: Trond Herløund

Kantor: Gro Gunnarson

Kateket: Heidi V. Styve

Kyrkjeverje: Sissel Vartdal

Kyrkjelydspedagog: Ute Lindner og

Gry Sætre

Prosjektleiar: Johanne Thingnes Leira

NAUSTDAL KYRKJEKONTOR

Bervellene 34,

Postadr.: Pb 90, 6806 6817 Naustdal

Tlf.: 57 82 81 80

post.sunnfjord@kyrkja.no

OPNINGSTID:

Onsdagar kl 9-15.

Ta kontakt for anna avtaletidspunkt.

Sokneprest: Rigmor Frøyen

Kyrkjegardsarbeidar: Stig Ove Halbrend

Kyrkjeseekretær: Sigrun Solheim Savland

Kantor: Erlend Os

Kyrkjelydspedagog: Silje Sørebo

FØRDE KYRKJE

Kyrkjegardsarbeidar: Terje Sæle

HOLSEN KYRKJE

Kyrkjetenar: vikar

Reinhald: Jorunn Holsen

HAUKEDALEN KYRKJE

Kyrkjetenar: Bodil Øvsthus Frøysland

NAUSTDAL KYRKJE

Klokkar/kyrkjetenar: Sigrun S. Savland

VEVRING KYRKJE

Klokkar/kyrkjetenar:

Mette-Elin Standal Sæther

FØRDE KYRKJETUN

Dagleg leiar: Ann Berit Steiro.



Framsidede:

Vår ved Naustdal kyrkje.

Foto: Annbjørg Eiksund
Hesselberg

Nytt frå redaksjonen

I dette nummeret får du møte Målfrid Berge som vart med i ei sorggruppe etter at ho mista mannen sin. Ho valde å bli intervjuet her i bladet for at andre i same situasjon kan les om nytta av å vere med i ei lita, trygg gruppe.

For 100 år sidan vart Nynorsk salmebok teken i bruk, og utgjevinga vart medverkande til at nynorsk vart akseptert som målform. Å få lov til å synge på nynorsk vart ei kampsak. I Naustdal vart det feiring med stor deltaking!

Når bladet kjem i postkassa er vi i siste del av fastetida, påska står for døra og det er vår i lufta. Framsidebildet kan minne oss på den fine tida vi går inn i, og at det skjer mykje i kyrkjene våre framover. Påsketid er høgtid i kyrkja. Palmesøndag med familiegudsteneste i Naustdal



Foto Annbjørg E. Hesselberg

kyrkje, og påskeverkstad og kyrkjekaffi på Kyrkjelyds huset er ein flott tradisjon. Då samlast små og store frå alle sokna frå Vevring til Haukedalen til felles feiring. Bli med!

God påske!

HELG OG HEIM

Kyrkjebladet **Helg og Heim** blir distribuert av Posten til alle husstandar i Førde, Naustdal, Holsen og Haukedalen. Bladet følgjer Forbrukartilsynet sine reglar for uadressert post.

Ansvarleg utgjevar av **Helg og Heim** er sokneråda i Førde, Naustdal og Holsen og Haukedalen.

Redaksjon:

Jenny Snildal, Annbjørg E. Hesselberg og Hanne Schnitler

Stoff og bilete kan sendast til:

- hanne.schnitler@enivest.net
- jenny.snildal@gmail.com
- annbjorg.hesselberg@gmail.com

Grafisk utforming:

Firda Tidend Grafisk, Sandane

Trykk:

ETN Grafisk

Skal du flytte?

Du kan abonnere på Helg og Heim. Kontakt Joy Taylor på Førde kyrkjekontor.

Frivillig bladkontingent
Kr. 350,-

Bankkonto:

3705.15.33896

Merk innbetaling med «Helg og Heim».

VIPPS:

Vippsnr. **591 431**

«Helg og Heim kyrkjelydsblad»



Utgjevingsplan for 2026

Nr. 2. Stoffrist:

Onsdag 22. april

I posten veke 22

Nr. 3. Stoffrist:

Onsdag 12. august

I posten veke 38

Nr. 4. Stoffrist:

Onsdag 21. oktober

I posten veke 48

(Det kan komme endringar.)



TIL ETTERTANKE

Ved UTE INGEBORG LINDNER, kyrkjelydspedagog

«Eg gjev dykk eit nytt hjarte, og ei ny ånd gjev eg inni dykk. Eg tek steinhjarta ut or kroppen på dykk og gjev dykk eit kjøthjarte i staden.» Esek 36,26

Tenk deg korleis verda kunne sjå ut om alle hadde eit kjøthjarte. Alle - andre. Men er det noko for meg? Treng eg òg ei forandring?

Reint ut sagt: Eg veit at eg ikkje alltid er slik eg skulle vere. Eg kan vere veldig hardhjarta, sjølv om eg eigentleg veit betre. Av og til blir eg lei meg når eg blir klar over kva eg gjorde, kor galt eg oppførte meg – men av og til greier eg ikkje ein gong det. Nokre gongar synest eg at eg har eit hjarte av stein, eit hjarte som er som daudt, eit svart hjarte – som her på bildet.

Eg veit, - eg skulle vere annleis. Om eg oppfører meg slik, då lever eg ikkje slik Gud ynsker det. Då bommar eg på mitt livsmål. Med mitt svarte hjarte treff eg ikkje midt i blinken.

Eg greier berre ikkje å vere slik eg skulle. Ikkje heile tida. Eg greier ikkje det. Ikkje aleine. Kva kan hjelpe?

Eg ser på skyteskiva: der er noko gyllent i sentrum. Gull – det er ofte teikn for noko heilagt, eit teikn for

Gud. Her framstilt som mål, Gud som mitt livsmål, Gud som vil vere midtpunkt i heile mitt liv.

Gjennom sentrum går det ein raud kross. Raud - som liv og glede og kjærleik.


Og der er enda meir raudt. Kanskje noko som strøymar ut frå krossen, kanskje noko som strøymar til krossen, inn i krossen?

Eit raudt hjarte. Eit hjarte som kjem frå høgre sida av bildet. Der ser ein framleis konturen. Så vidt. Det går ut frå den gylne stripa og har sitt opphav i Gud, ser det ut til. Hjartet vender seg mot det svarte hjarte, har allereie begynt å dekke over.

Og treffer midt i blinken, bommar ikkje.

Å få eit slikt raudt hjarte, fullt av kjærleik, glede og liv slik at eg kunne leve slik som Gud ynskjer det... Eit hjarte som treffer midt i blinken, som treffer livsmålet... Det hadde vore fint å ha...

Men eg har eit svart hjarte, eit hjarte av stein... Korleis kan eg få eit nytt hjarte?



«Eit nytt hjarte» av Stefanie Bahlinger

For 2600 år sidan er mange av israelittane i Babylon, dei er tekne til fange. Mange har «eit hardt hjarte og eit trassig åsyn», heiter det. Då får profeten Esekial eit oppdrag frå Gud.

Han skal seie til dei: *«Eg gjev dykk eit nytt hjarte, og ei ny ånd gjev eg inni dykk. Eg tek steinhjartet ut or kroppen på dykk og gjev dykk*

eit kjøthjarte i staden.»

Gud veit kva israelittane treng – og han gir dei det.

Denne lovnaden gjeld også i dag, også for oss. Gud vil gje oss eit nytt hjarte og ei ny ånd. Slik at vi kan leve slik han vil, slik at vi treff midt i blinken, treff livsmålet. Vi må berre stole på Gud, ta i mot og takke.

100-års jubilanten Nynorsk sal

«Ved den Norske regjerings resolusjon, 18. desember 1925 er Nynorsk salmebok godkjend til bruk i gudstenesta i dei sokner der soknemøtet gjer vedtak om det.»

Tekst: JENNY ØDVEN SNILDAL.

Foto: ARNE KLEIVA

*Syng i stille morgonstunder,
syng Gud Fader lov og ros!
Sjå, han gjer på ny det under
kallar fram or mørkret ljøs!
Sjå, hans sol all skapning gyller,
alt med liv og lovsong fyller,
sjå hans kjærleiks smil i sky,
sjå kva dag hans nåde ny!*

Denne salmen av Elias Blix var ofte morgonvers, den gongen skuledagen starta med «salme, eller annan høveleg song». Den vart lærd utanåt, og kanskje sunge utan tanke på innhaldet. Men les den no roleg for deg sjølv, så ser du at den lyser av glede over både skaparverk og Skapar!

Flott feiring!

18. januar 2026 markerte Naustdal sokneråd og Naustdal Mållag at det er 100 år sidan Nynorsk salmebok vart godkjent til bruk i gudstenester. Markeringa gjekk føre seg i Naustdal kyrkje, der kyrkjekora i Førde og Naustdal framførte både gamle og nyare salmar. Soknepresten i Naustdal, Rigmor Frøyen, knytte det heile i hop med historikk rundt salmane og salmediktarane.

Det var òg allsong så kyrkjelyden fekk reinska strupebandet. Mange av salmane er enno i bruk og er komne med i Norsk salmebok frå 2013.




Kyrkjekora i Førde og Naustdal syng gamle og nye nynorske salmar under jubileet i Naustdal kyrkje.

Etter samlinga i kyrkja var alle invitert bort på kyrkjelydshuset til kaffi og kaker. Også maten var det historisk sus over, blattutkake, kringle, sveler og natronkaker.

Leif Sølberg, frå Naustdal mållag, hadde eit innlegg der han tok føre seg arbeidet som låg bak 100-årsjubileanten. Kvifor var det om å gjere å ha ei eiga nynorsk salmebok? Og kven var dei, dei som fekk arbeidet med å utforme salmeboka?

Arbeidet med Nynorsk Salmebok

Det offisielle skriftspråket på 1800-talet var dansk, og i kyrkjene var det danske salmebøker og dansk gudstenesteliturgi som vart nytta. Etter 1814, då Noreg fekk si eiga grunnlov, var det mange som jobba for at vi òg måtte ha vårt eige skriftspråk. Ivar Aasen skapte landsmålet, det som seinare vart heitande nynorsk, og Knud Knudsen jobba for å fornorske det danske



Illustrasjon nynorsk salmebok

Blomsterfryd

Elvetorget, Førde

Tlf. 57 82 17 05

blomsterfryd.forde@interflora.no



- møblar
- belysning
- gardiner
- utemøblar
- solskjerming

MARIAS HUS

nordisk design · interiør · møblar

Tlf. 478 39 411

Angedalsv. 4, Førde (Hukseth-huset)

post@marias-hus.no | //marias-hus.no

salmebok

skriftspråket. I 1885 vedtok Stortinget å likestille dei to skriftspråka.

Det vart òg jobba for å fornorske det religiøse språket, og mange salmar vart etter kvart skrive på landsmål. Elias Blix har mange salmar på «samvitet», både eigne og omsette salmar. Landstads reviderte salmebok, «*autorisert til bruk ved den offentlige gudstjeneste i Norge ved kongelig resolusjon av 15. februar 1924*», inneheldt 900 salmar der omlag 200 var på nynorsk. Mange vart skuffa over at salmeboka ikkje inneheldt fleire nynorske salmar. Då kom Det Norske Samlaget på bana og tok initiativ til ei eiga salmebok.

Det Norske Samlaget fekk biskop Bernt Støylen, biskop Peter Hognestad og sokneprest Anders Hovden til å ta på seg arbeidet med Nynorsk salmebok. Mange i presteskapet var ueinige i dette arbeidet, sjølv om regjeringa sitt Jamstillingsvedtak frå 1895 alt var 25 år gamalt.

Nynorsk salmebok vart møtt med både ris og ros. Mange som hadde sett fram til ei samlande salmebok kjende seg overrumpla og svikne, men målfolket gledde seg. Etter strid med riksmålsfolket og prestane vart *Nynorsk Salmebok* godkjend til kyrkjebruk 18. desember 1925, med tillegg i 1927.

Samanlikna med eldre salmebøker fekk den nynorske salmeboka med meir om misjon, born og unge, sjøfolk og kvardagsliv. Bernt Støylen kom med følgjande uttale: «...det skal vera ljøs og kraft i kvardagslivet i vaart arbeid og strev, heime i stova og ute paa garden, i skog og mark, paa land og paa sjø».

I 1936 vedtok sokna i Naustdal og Vevring å ta nynorsk salmebok i bruk.

Kven var dei?

Kven var dei, desse som fekk i oppgåve å utarbeide ei nynorsk salmebok? Det var nokre fellestrekk, alle var bygdegutar og etterkomarar frå fiskarar og småbrukarar, og dei kjempa for landsmål både i skule og kyrkje.

I diktinga si brukte dei bilete frå bygdelivet og naturen på ein slik måte at folk kjende seg att. Biskop Peter Hognestad hadde følgjande sitat om kristendomen: «*Kristendomen skal ikkje jaga bort folkelivet, men halda det friskt og laga det om til sin art.*»

Dei tre såg på fedrelandet som ei Guds gåve og hadde stor respekt for den folkelege kulturen. Men dei såg òg ut i verda og tok til seg det som var positivt. Anders Hovden uttalte seg slik om det interne arbeidet med salmeboka: «*Peter Hognestad var kald og klok, Bernt Støylen var varm og klok. Sjølv var eg berre varm.*»

Bernt Støylen (1858-1937) var fødd på Kvamsøy på Sunnmøre. Støylen var biskop i Kristiansand og leiार i komiteen. Støylen var ein av dei mest betydelege kyrkjemenn på starten av 1900-talet.

I 1923 vart ein liberal teolog, Jens Gran Gleditsch, utnemnt til biskop i Nidaros. Det vart opprør. Indremisjonen bad biskopane nekte å ordinere Gleditsch fordi ein frykta kløyving i kyrkja, og biskopane heldt krisemøte. Støylen sa ja til å ordinere den liberale teologen. Dette førte til at Støylen vart boikotta av konservative kyrkjefolk, professor Ole Hallesby nekta å samarbeide med han, og han møtte mange stengde bedehus.

Medan mange takka Støylen, kalla andre han «svikar». Prestane i Agder bad han vere biskop så lenge helsa heldt, og folk fylte framleis kyrkjebenkene.

Bernt Støylen var opptatt av barnelitteratur og gav i 1899 ut ei stor samling med barnerim og leikar. Han omsette mange salmar, og skreiv mange salmar sjølv. Bileta henta han frå dagleglivet så folk kunne kjenne seg att.

Peter Hognestad (1866- 1931) var fødd på Time på Jæren. Han var son av ein bon-



Bernt Støylen, Peter Hognestad, Anders Hovden.

de, noko han var svært stolt av. Medan han studerte til prest deltok han i arbeidet på garden kvar sommar. Eit sitat frå Hognestad: «*Heime hev eg lært å beda og arbeida.*»

Det teologiske Menighetsfakultet vart oppretta i 1908. Hognestad vart kalla til å undervise der. Han sette som krav å forelese på landsmål, noko som på den tid var uheyr. Aftenposten og Morgenbladet såg det som si oppgåve å åtvare mot ein slik fare, noko som førte til at mange trakk støtta til MF. Men teologistudentane støtta opp om Hognestad.

Frå 1916 var han biskop i Bjørgvin bispedømme. Hognestad skreiv ikkje eigne salmar, men har omsett fleire. Dei mest kjende er Det hev ei rosa sprunge, Leid milde ljøs og Fager kveldssol smiler.

Anders Hovden (1860 -1943) vaks opp i Ørsta på Sunnmøre. Livet som fiskarbonden var hardt, og det strevsame livet han vart vitne til, vart ei viktig inspirasjonskjelde for seinare dikting.

Hovden fekk prestekall fleire stader. Riksmålsfolket ville ikkje ha denne målmannen til prest, og alle stader vart det sett i gang aksjonar mot han. Men Hovden vart etter kvart godt likt, både som prest og menneske. Einaste unntaket var Ålesund, der sa han frå seg kallet og skreiv i Sunnmørsposten: «*Eg var sokneprest i Ålesund i 14 dagar og tenkjer det var just høveleg lang tid.*»

Hovden skreiv mange dikt og forteljningar, men er mest kjend som salmediktar. Han har skrive omlag 250 salmar, alle på nynorsk. Salmane har rik biletbruk, frå naturen og heimemiljøet. Ein av dei mest kjende, *Fagert er landet*, vart til under ein skitur ein vinterkveld, og vart ein sentral 17. mai-salme.

Kjelde: Store norske leksikon

Målfrid anbefaler sorggruppe – ein plass å dele si forteljing og finne støtte i sorga

Mange har nok sett dei begge, Målfrid og Sigurd Berge, køyre rundt i postbil, putte brev og aviser i postkasser rundt omkring i Naustdal og Førde. Dei hadde eit godt liv i lag.

Tekst: RIGMOR FRØYEN, sokneprest i Naustdal

Først var heimen i Helgåsvegen i Naustdal. Sidan 2019 budde dei i Angedalen.

– Det var «paradis» for Sigurd å kome dit. Men det var òg fint for meg, seier Målfrid. Sigurd hadde avslutta jobblivet og treivst med å vere pensjonist.

– Han hadde ofte middagen klar når eg kom heim. Han venta på meg, om sommaren sat han på verandaen og såg etter meg.

Så endra livet seg brått. Ein dag i juni 2024.

– *Kva hende, Målfrid?*

Sigurd vart brått dårleg. Vi ringde legevakt, og han kom dit ein måndag kveld. Det synt seg at han måtte opererast, det skulle skje dagen etter. Det siste eg sa til han var: «Eg ventar her til du kjem igjen». Medan eg, og sonen vår, Bernt Inge, sat på venterommet, kjem legane ut. Eg tenkjer at dei skal informere om operasjonen. Bernt Inge ser på andleta deira at det er noko anna i vente, så han tenkte: No er det slutt! Dei fortel at Sigurd sitt hjarte har svikta. Det var eit sjokk å få den beskjeden. Det var heilt uventa!

– *Korleis var dei først dagane?*

– Først blir ein jo heilt lamma. Eg gjekk ved sida av meg sjølv. Du veit jo at du må ordne ting, det er så mykje praktisk ein må få på plass til gravferda. Innimellom falt eg heilt saman, hadde mest lyst å legge meg ned og gråte. Det var ei god støtte å ha dei tre sønene der, vi var ilag om alt. Eg, og vi, opplevde mykje støtte



Målfrid Berge deler tankar om sorg med Rigmor Frøyen.

frå folk. Mange synt medkjensle og tok del i gravferda. Det var litt overveldande. Eg ville ha kondolanse ved grava, eg synst det var godt å stå der og ta imot folk. Sønene var òg med på det. Ikkje alle orkar det, ein må sjølv finne ut korleis ein vil gjere det.

– *Korleis kom du på å melde deg på sorggruppe?*

– Ein tidlegare kollega tipsa meg. Ho hadde hatt stort utbytte av det og sa «det må du vere med på!» Eg tok mot til meg, spurde etter brosjyre på kyrkjekontoret og melde meg på.

– *Og korleis gjekk det?*

– Første samlinga var eg veldig spent på kven eg ville møte. Det hjalp at eg kjende til dei som leia gruppe. Dei var rolege og trygge. Alle fekk ta del i samtalen etter tur. Vi spegla oss i kvarandre, for det er ofte dei same tinga vi strevar med. Eg hugsar eg sa: «Enkelte dagar er eg så sint!! Sint på livet. Det kjennest så urettferdig». Det var så godt å få sagt, så godt at det var lov å seie det, og godt å få tilbakemelding frå dei andre som sa:

«Slik har eg det også!» Sinne er ein naturleg reaksjon i sorgprosessen, og eg fekk stadfesta at det ikkje er ein «unormal» reaksjon.

Det er òg viktig med ein «likeperson» i gruppa. Gunhild Falkevik, som har opplevd mange tap og sorg, kunne bekrefte dei ulike fasene som kan kome når ein er i sorg. Det gav oss håp å sjå at det går an å kome vidare. På same tid må ein leve med sorga, men den kan endre seg, bli mildare. Vi kunne òg le ilag, dele fine minner, ikkje berre dele det som var trist og tungt.

– *Så har tida gått. Det nærmar seg to år sidan du mista Sigurd. Korleis er livet no?*

– Eg er framleis i jobb. Eg hadde søkt om å gå ned i halv stilling før Sigurd gjekk bort. Men då eg vart åleine, fann eg ut at einaste måten å overleve på var å vere i aktivitet, og å vere saman med kollegaer. Kollegaene har vore til god støtte, dei har vore eineståande. Vi kan dele minner og snakke om Sigurd. Dei òg saknar han i fellesskapet. Han var blitt pensjonist, men kom gjerne innom og steikte frukostvaflar til oss andre før vi køyrde ut.

Det er òg viktig for meg å ha eit eige nettverk. Eg har ei god veninne som er i same situasjon, som veit kva det er. Eg tenkjer at det er mitt ansvar å ta kontakt med andre. Eg kan ikkje berre vente på at andre tek kontakt.

– Vi har eit turlag i posten. Målfrid vert ivrig når ho fortel. – Kvar onsdag, sommar som vinter, går vi tur. Ei lita gruppe planlegg turen, og turmålet varierer alt etter ver og føre. Eg prøver å vere med på forskjellig. Innimellom går eg i kyrkja, der er det òg godt å vere.

– *Kva saknar du mest?*

– Å kome heim og vite at det er nokon der, og det å ha nokon å prate med. Vi visste kor vi hadde kvarandre etter å ha kjent kvarandre i 44 år og gift i 42 år. Det var Posten som førte oss saman! Målfrid er tydeleg glad i arbeidsplassen sin, ho vert lys i andletet kvar gong Posten vert nemnt! – Ein annan ting eg har merka i vinter; Sigurd sørgja alltid for at vedkorga var full. Det er tungt å hente inn ved! Slike små, praktiske ting.

Målfrid vil gjerne å få fram at sjølv om livet framleis går opp og ned, er det mykje som er fint. – Eg er glad for å vere i jobb, dagane går og sorga mildnar. Eg reiser litt og skal til Skotland i vår, det gler eg meg til. Så strikkar eg og ser på TV. Nokre kveldar kan det bli stille; men eg må stå i det. Til slutt: gode naboar som hjelper med brøyting og anna praktisk, og familie som støttar, er gull verdt!

Berit Ullebust - ressurs i sorggruppene

Berit Ullebust fortel om verdien av å vere med i sorggruppe, og korleis tilbodet er organisert.

Sorggruppe er eit samarbeid mellom Helse Førde, Sunnfjord kommune og kyrkja. Berit Ullebust, kreftkoordinator i Sunnfjord kommune, er med og leier gruppene. Ho har erfart at dei som har mista nokon treng ein stad der dei kan få snakke om si sorg og sitt sagn og møte andre som er i liknande situasjon. – Oftast er det 4-5 personar i kvar gruppe. Vi tilbyr sorggruppe to gonger årleg, og gruppa møtast 1,5 time anna-kvar veke seks gonger.

Er folk tilbakehaldne med å melde seg?

– Det er nok ein terskel for å bli med. Ein veit jo ikkje kven ein møter, eller er usikker på om sorggruppe er det rette. Nokre kvir seg for å dele personlege opplevingar. Men det er viktig å få sett ord på det vanskelege og dele med andre som forstår, nettopp fordi dei har kjent på det same.

– Har ein lite nettverk treng ein nokon å dele sorga med. Ein kan òg ha gode nettverk, men vanskar med å

snakke om sorg med dei ein kjenner. Dei rundt kan kjenne på hjelpeløyse i korleis snakke om sorga. Den sørgjande kan få mykje merksemd rundt dødsfallet og gravferda, men så vert det stilt. Omgjevnadane er opptatt med eigne liv, og ein kan kjenne seg åleine med sorga.

Kven er med i sorggruppe?

– Dei som er med har opplevd ulike tap. Det kan handle om kreft eller annan alvorleg sjukdom, ulykker, eller nære som har teke livet sitt. Alle har det felles at dei opplever sorg og sagn. Pårørande kan bli tappa for krefter i lang tid etter dødsfallet. Då kan det vere godt å dele erfaringar med andre ein ikkje er i nær relasjon til.

Vil du vite meir?

Kontakt sokneprest Rigmor Frøyen (tlf. 48 95 74 36),
diakon Anita Øvreås Rusken (tlf. 90 06 85 14),
eller kreftkoordinator Berit Ullebust (94 82 42 54).

Kyrkjekontora har brosjyre om sorggruppene.



Arrangerte familiedag på Holsen



Den 24. januar arrangerte Holsen og Haukedalen sokneråd familiedag på Holsen for fjerde gong.

Tekst og bilde: BODIL FRØYSLAND

Det var lagt invitasjonar i postkassane i begge bygdene og barn som er/vert 3 år, 4 år og 10 år hadde fått invitasjon til bokutdeling. Me var spente på kor mange som tok turen til Holsen skule denne flotte vinterdagen. Det var svært kjekt å sjå at mange hadde lyst å vera med! Denne gongen møtte heile 25 born og 25 vaksne opp.

Samlinga starta med matøkt med pølser i brød og kaker. Gry Sætre samla ungane, og etter maten fekk dei både høyra og leika bibelfortellinga om fisketuren på Genesaretsjøen. Me song barnesongar og det var aktivitetar og leikar.

Takk for ein kjekk familiedag på Holsen!



Krøllesamling

Ei samling for born i alderen 1 til 3 år.

Tekst og bilde: HANNE SCHNITLER

Gry Sætre har gjort alt klart: stolar i ring, matter på golvet, ein haug med kosedyr, namnelappar og noko mystisk på eit bord ved vindauget.

Borna kjem springande inn, finn namnelappen sin og styrer rett mot haugen med kosedyr. Dei fleste av dei 15 borna har visst vore her før.

– Kvar er Krølle? Kan de rope på han, spør Gry. Dei

Strategiarbeid i Førde sokneråd

Førde sokneråd har vedtatt visjonen «Ein stad å høyre til», og jobbar med ein strategi for arbeidet i samsvar med denne visjonen.

Tekst: HANNE BILDØY, leiar i Førde sokneråd.

Sunnfjord kyrkjelege fellesråd har begynt å jobbe med ny strategiplan for kyrkje-lydane i Sunnfjord, med utgangspunkt i strategien for Den norske kyrkja 2022 – 2029.

Førde sokneråd har jobba utifrå same strategi og sett kva dette betyr for oss.

Vi har ei kyrkje som tek imot menneske i alle livssituasjonar; frå dåp til gravferd. Kyrkja i Førde blir brukt når ein treng ein stad å vere i sorg og glede. Vi famnar alle aldrar, og tilbakemeldingar viser eit etterlengta behov for fellesskap for unge vaksne, både einslege og familiar. Krøllesamling for 2-3 åringar har hatt stor auke siste året, og dette er noko vi kan bygge vidare på ved å lage meir fellesskap

Strategi for Den norske kyrkja for 2022–2029		 Kyrkja opnar rom for tru	 Kyrkja er der livet vert levd	 Kyrkja er meir for fleire
 Kyrkja for den enkelte	Forkynner evangeliet til menneske gjennom heile livet	Styrkjer kyrkja som kulturarena og forvaltar av kulturarv for alle generasjonar	Gjev tilhøyrse og skapar gode møteplassar og fellesskap fysisk og digitalt	
 Kyrkja i samfunnet	Fremjar verdjar som utfordrar og som byggjer eit godt samfunn for alle	Bidreg til å verkeleggjere berekraftsmåla – lokalt, nasjonalt og globalt	Motverkar utanforskap og utforskar nye måtar å vere kyrkje på	
 Kyrkja som organisasjon	Styrkjer gjennom si organisering ei levande og nærverande folkekyrkje	Samhandlar med organisasjonslivet, andre trus- og kyrkjesamfunn, offentlege, private og ideelle aktørar	Skapar ein mangfaldig, rekrutterande og inkluderande arbeidsplass og frivilligarena	

også for foreldra. Tilbodet til unge vaksne som prosjekt Kraft har starta, er viktig å oppretthalde.

Vi må ha forskjellige tilbod til ulike grupper. Det har vore fokus på unge vaksne ein periode, men kva med dei mellom

35 og 50 år? Kor skal dei finne sin plass? Ein stor andel (38 %) er einehushaldningar, og det utgangspunktet viser at det er behov for ulike sosiale fellesskap.

Kom gjerne med innspel til soknerådet!

ng på Førde kyrkjetun

ropar så høgt dei kan, dei må syngje, og rope igjen. – Kvar er Krølle? Og der, bak gardina, har den vesle sauen gjømt seg.

Krølle går igjen som tema i samlinga. Sauen vil helse på alle, og når barna held fram namnelappen får kvar og ein eit velkomstvers. Gry fortel om Krølle som pakkar kofferten til ferietur, men har gløymt å ta med mat. Krølle får ein ven som gir han fem brød og to fisk. Kort og enkelt.

Kjente barnesongar kjem tett i tett, og Kjersti Eide følgjer med på piano. Songane

går igjen på samlingane, og borna kan visst både tekst og rørsler.

Gry går bort til den mystiske saken, trykker på ein knapp, og såpebobler sprutar ut i rommet. No er det fritt fram å springe rundt mellom såpeboblene, leike på mattene, utforske leikene, krabbe under stolane, og dei vaksne kan prate med kvarandre.

– Dette er så bra opplegg, seier fleire. Ikkje rart at nokre av barna ikkje vil heim.





LEDIG STILLING

Er du 16, 36 eller 66 og har litt ledig tid?

**Vi søker fleire helgekyrkjetenarar
i Førde kyrkje!**

Arbeidsoppgåvene er knytt til praktiske førebuingar i samband med gudstenester, vielsar og konsertar i kyrkja.

Dette er kjekke oppgåver der du samarbeider med både tilsette og frivillige. Førde kyrkje er godt besøkt og vi kan tilby både ein triveleg og meningsfull jobb.

**Ta kontakt med kyrkjevevjer Sissel Vartdal på
tlf. 489 91 257, eller epost sv966@kyrkja.no**

Frivillig i kyrkja?

Det er stadig behov for frivillige i kyrkjalydane til små og litt større oppgåver. Kan du tenkje deg å gje litt av tida di? Kan du vere med å halde kyrkjeskyssen i gong, hjelpe til på Spiren, vere tekstlesar eller vere med i besøkstenesta?

Kontakt kyrkjekontora.

RIKKEN

Langebruv. 26 (v/Domus)
Førde
Tlf. 472 56 398
eller 578 21 340

KUNSTNARMATERIELL
INNRAMMING
BILDE



Velkommen til oss!

Elvevegen 1, Førde
(ved Kunstmuseet)

Alle dagar
utanom torsdag 11-15
Torsdag 11-17

Tlf. 404 33 220

MILJØ MØTEPlass MISJON



**Sentrale
for samfunns- og
historieinteresserte
og kommande
generasjonar!**

Samfunn, kultur og busetnad i
tidl. Førde kommune. Innholdsrike
bøker skrivne av fagpersonar -
mange gamle og nye foto!

1. *Utviklinga frå 1500 til 2020*
2. *44 artiklar om ulike tema*
3. *Rundreise i heile tidl. kommune*

Kr 330,- pr. bok, kr 990,- for
eitt sett. Kjøp direkte frå

Førde historielag

Tlf. 481 67 076
karen.hornes@eninvest.net
- eller kjøp dei i bokhandelen!

ALT I ● SPORTSKLEDE
● SPORTSUTSTYR
● BARNEUTSTYR

Erdal Sport

INTERSPORT
Førde

Kom som du er!

Vi har eit stort og breidt treningstilbod
til godt vaksne og seniorar! Du får gratis prøveveke.
Møt oss i resepsjonen vår, 3. etasje på ALTI.
Eller ta kontakt på telefon: **57 82 31 32**.
Sjå vår nettside: pulsforde.no



PULS FØRDE

- Kom som du er!

Grauminne finn du hos oss



FAGMILJØ

Firdavegen 20, 6800 Førde, tlf. 57 72 10 60



WIKING Mini 2
Vi leverer og monterer

ATLE
NAUSTDAL

Naustdalsvegen 5, Førde
Tlf. 57 82 13 76

VARMEFAG



KVALITET
GJENNOM
GENERASJONAR

57 72 41 40
dampbakeriet.no

Reiakkvam

- Din fotograf i Førde sidan 1946

57 82 19 77 / foto@reiakkvam.no
reiakkvam.no

Gode tilbud på flis, beleggings-
stein, ferdigplen, støttemur, kvit
singel. Vi kan flislegging!

Boligkompaniet

www.boligkompaniet.com
tlf. 906 19 654



FØRDE
GJESTEHUS
OG CAMPING

www.fordecamping.com 468 06 000 • Kronborgvegen 44



Finn din nye bustad hos oss!

Moderne og lettstelte leilegheiter.
Kom gjerne innom oss for ein prat, Halbrendssøyra 2 i Førde.
www.gravdal.no - tlf. 47 87 40 00

HELLVIK HUS

Gravdalgruppa



MALER RUNE
SKILBREI
MALING • TAPET • GOLVBELEGG • FLISER

Følg oss!

fb.me/malerskilbrei
skilbreibutikken

Skal du bygge heilt nytt, eller fornye litt?

Vi har utvalet! Velkommen innom Skilbreibutikken i Naustdal!



NORDISK KJØKKENDESIGN

JKE
NORDIC KITCHEN DESIGN

Hafstadv. 34 (Bergegården)
6800 Førde - tlf. 913 11 837
ms@jke-forde.no

FARSUND FLIS
flis for alle

Kvalitet - Kompetanse -
God service

Nytt, stort lokale
på Sanderplassen 10 i Førde.

Kom gjerne innom og
sjå vårt store utval.



NORDIC ATMOSPHERE

Drømmer du om et
NYTT KJØKKEN?

Hos HTH i Førde vet vi at kjøkkenet
er husets hjerte, hvor familie og
venner samles til god mat og
hyggestunder. Den gode maten og
det hyggelige selskapet står du for,
mens vi hjelper med å designe det.



HTH Sunnfjord Kjøkkenforum AS
Naustdalsvegen 5
6800 Førde, tlf. 57 82 66 10
e-post: info@forde.hth.no



Fra inspirasjon til installasjon
– vi hjelper deg hele veien!

ILDSTEDET

er en faghandel med
lang erfaring innen varme.
Vi gir deg profesjonell
veiledning om valg av peis-
ovn, riktig plassering og pipe.

Naustdalsv. 5, 6800 Førde
Tlf. 966 10 100
post@ildstedet-sunnfjord.no




EXTRA

NAUSTDAL

arnes
frisørhjørne

Timebestilling
Drop-in

Tlf. 57 82 62 35
Langebruvegen 19
6800 Førde



Trusopplæring

For meir informasjon sjå www.kyrkja.no/sunnfjord, eller last ned appene **MinMenighetsportal** og **I kirken**. Følg og med på facebooksidene til Førde kyrkje og Naustdal kyrkje. Aktivitetane og tiltaka våre er opne for alle, ein treng ikkje vere medlem av Den norske kyrkje for å delta.

STØRST AV ALT

Trusopplæring i Førde sokn:

0 – 1 år:

Spiren/Babysong

Kvar onsdag kl. 11.00 i 2. etg. på Førde Kyrkjetun. For barn 0 - 1 år, men eldre barn kan også delta. Ta med matpakke! Vi serverer te/kaffi. 29. april er vi på Førde Omsorgssenter. Siste gang før sommaren er 27.mai.



1 – 3 år:

Krølle-samling

Onsdag kl.

17.30 på Førde

Kyrkjetun er det song, formidling og litt leik i etterkant.

Datoar kjem på heimesida www.kirken.no/Sunnfjord



9 år:

Agent for skaparverket

Laurdag 9. mai. Vi skal bli kjent med meitemarken og kvifor den er viktig for oss. Vi reiser til Vie andelslandbruk og har aktivitetar der. Det er fint med foreldre som er med. Påmelding på <https://min-kirkeside.no/Sunnfjord>

7-10 år:

Vakuumdagar

Frå tysdag 11.august har vi fire aktivitetsdagar.

Påmelding på <https://min-kirkeside.no/Sunnfjord>



8 år:

Tårnagenthelg

Dei som fyller 8 år i år får invitasjon i posten. Barna er agentar denne helga. Dei er med på oppdaging og aktivitetar i kyrkja på laurdag, og er med på Familiegudsteneste på søndag. Fire måndagar i etterkant inviterer vi til Tårnagentklubb. Påmelding på <https://min-kirkeside.no/Sunnfjord>

Trusopplæring i Naustdal og Vevring:

Babysong

Annankvar onsdag kl.

11.30 til 12.30 på Naustdal kyrkjelydshus. Sjå datoar på heimesida.

Naustdal barnekor

Kvar onsdag frå 13.00-

13.50 på Kyrkjelydshuset/kyrkja. Barnekor for 2. klasse og oppover. Ved Silje Sørebo og Erlend Os.

Hugs Fasteaksjonen!

Førde: Søndag 22. mars

Naustdal: Tysdag 24. mars

Søndag 22. mars går konfirmantane i Førde frå dør til dør for å samle inn pengar til Kirkens Nødhjelp sin Fasteaksjon. Tysdag 24. mars går konfirmantane i Naustdal ut med bøsser. Pengane går til reint drikkevatt i ulike land. Ta godt i mot dei!

Er du ikkje heime, kan du gje på VIPPS 2426



Di støtte reddar liv

Bli fast gjevar! Gi eitt menneske reint vatn livet ut – kvar månad. Send SMS med kodeord LIV til 2426 (300,-/md.)



KIRKENS NØDHJELP
actalliance

www.kirkensnodhjelp.no

DET SKJER

10-kaffi på Førde kyrkjetun

Kvar onsdag frå kl. 10.00 kan du kjøpe deg kaffi og vaflar i ungdomslokalet på Førde kyrkjetun.

Førde kyrkje

Øving i Førde kyrkje **onsdagar kl. 19.00**. Vil du vere med? Kontakt dirigent Gro Gunnarson.

Naustdal kyrkje

Øving i Naustdal kyrkje **onsdagar kl. 17.45**. Vil du vere med? Kontakt dirigent Erlend Os.

Kraft:

Vi fortset med leiartrening med Followme, gospelkor på måndagar, ungdomsklubben Ignite annankvar fredag, gudstenester ca x 1 i månaden og bibelgruppe. Nytt i vår er gratis middag for unge vaksne, og ei 5-vekers open bibelsamling **kvar onsdag frå 25. februar til 25. mars**. Følg med på instagram kraft.ung!
Kontakt Johanne Thingnes Leira på sms, 45 88 65 47.

Kyrkja i byen

Kvar torsdag frå kl. 13.30 – 15.30, er vi på «Storebrua» mellom handelshusa i Førde, klar til ein prat. Velkomen!

Strikketreff

Bli med å strikke tepper for «Ull og omtanke – Sunnfjord». Ta med matpakke, så et vi lunsj i lag.
Annankvar måndag kl. 11.00 – 14.00 på Førde kyrkjetun.
24. mars, 7. og 28. april, 12. og 26. mai.

Tidebøn i Naustdal kyrkje

Velkomen til ei stille stund med lyttening, salmesong og veksellesing. Tidspunkt finn du i gudstenestelista.

Tid for tru i fastetida

Torsdag 19. mars kl. 19.00
i Naustdal kyrkje.

Tema: «Når krossen minner oss om at livet ikkje alltid går i den retning vi ønskjer», ved Frode Skeide. Kaffi/te og noko å bite i. Kveldsmesse Kl. 20.00.

Årsmøte for Sunnfjord område av Det Norske Misjonsselskap

Torsdag 9. april kl. 17.00 på Kyrkjelydshuset i Naustdal

Årsmøtesaker. Orientering om NMS Generalforsamling i Bergen 25. – 28. juni.

Glimt frå «Opa kyrkje på Kinn». Middag og kaffi (kr. 250,-)

Påmelding helst ei veke før pga. matbestilling til Svanhild Ask, tlf. 95 21 95 58.

TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no



SOS
22 40 00 40



SOS
CHAT




SOS
MELDING

KIRKENS
SOS

KONSERTAR

«KLASSISKE PERLER»



FØRDE KYRKJE:

Tirsdag 24. mars kl. 19.30

Pianist Rune Alver, mezzosopran Gro Gunnarson og Aspirant- og Barnekoret i Korskulen i Førde kyrkje. Musikk av Grieg, Schubert, Ole Bull m.fl.

Billettpris: I døra kr. 200,-.

Førehandssal: kr. 150,-
(kontakt Gro tlf. 958 68 160)

Velkommen!

FØRDE KYRKJE:

Tirsdag 14. april kl. 19.30:

Allsongkonsert i påsketida

med Førde kyrkje og Aspirant- og Barnekoret. Korsong - Instrumentalinnsalg - Allsong. Fri entré/kollekt

FØRDE KYRKJE:

Onsdag 6. mai kl. 20.00:

Vårkonsert med lokale kor og instrumentalistar. Fri entré/kollekt

GUDSTENESTER

Det kan komme endringar. Følg med i Firda «Det skjer», www.kyrkja.no/sunnfjord, eller kontakt kyrkjekontora. **Velkommen til kyrkje!**

ONSDAG 18. MARS

Naustdal kyrkje 11.00 Tidebøn

TORSdag 19. MARS

Naustdal kyrkje 19.00 Bibeltime og kveldsmesse.

SØNDAG 22. MARS

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste
Holsen kyrkje 11.00 Gudsteneste

SØNDAG 29. MARS

Naustdal kyrkje 11.00 **PALMESØNDAG**
Felles familiegudsteneste for Førde, Holsen og Haukedalen og Naustdal sokn.

TORSdag 2. APRIL

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste
Holsen kyrkje 15.00 Påsegudsteneste
Naustdal kyrkje 19.00 Gudsteneste. Kveldsmat etter gudstenesta.

FREDAG 3. APRIL

Førde kyrkje 11.00 Pasjonsgudsteneste
Vevring kyrkje 15.00 Pasjonsgudsteneste

SØNDAG 5. APRIL

Førde kyrkje 11.00 Høgtidstudsteneste
Naustdal kyrkje 11.00 Høgtidstudsteneste
Haukedalen kyrkje 15.00 Høgtidstudsteneste

MÅNDAG 6. APRIL

Vevring kyrkje 11.00 **2. PÅSKEDAG**
Familiegudsteneste/påsegudsteneste

SØNDAG 12. APRIL

Førde kyrkje 11.00 Familiegudsteneste
Førde kyrkje 18.00 Ungdomsgudsteneste

SØNDAG 19. APRIL

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste
Naustdal kyrkje 11.00 Samtalegudsteneste
Holsen kyrkje 15.00 Gudsteneste

SØNDAG 26. APRIL

Førde kyrkje 10.00 Konfirmasjonsgudsteneste
Førde kyrkje 12.00 Konfirmasjonsgudsteneste

SØNDAG 3. MAI

Førde kyrkje 10.00 Konfirmasjonsgudsteneste
Førde kyrkje 12.00 Konfirmasjonsgudsteneste
Vevring kyrkje 11.00 Konfirmasjonsgudsteneste

FREDAG 8. MAI

Førde kyrkje 18.00 Ungdomsgudsteneste

KYRKJESKYSS FØRDE KYRKJE

For informasjon kontakt kyrkjekontoret
måndag-fredag tlf. 57 82 81 80,
eller diakon Anita Øvreås Rusken
tlf. 900 68 514.



Foto: Ingvald A. Frøyen

LAURdag 9. MAI

Førde kyrkje 10.00 Konfirmasjonsgudsteneste
Førde kyrkje 12.00 Konfirmasjonsgudsteneste

SØNDAG 10. MAI

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste
Holsen kyrkje 11.00 Konfirmasjonsgudsteneste
Naustdal kyrkje 10.00 Konfirmasjonsgudsteneste
Naustdal kyrkje 12.00 Konfirmasjonsgudsteneste

SØNDAG 14. MAI

Førde kyrkje 10.00 Konfirmasjonsgudsteneste
Førde kyrkje 12.00 Konfirmasjonsgudsteneste

SØNDAG 17. MAI

Førde kyrkje 09.45 Gudsteneste
Naustdal kyrkje 10.30 Gudsteneste
Haukedalen kyrkje 11.00 Forenkla høgmesse
Holsen kyrkje 12.15 Forenkla høgmesse
Vevring kyrkje 12.30 Familiegudsteneste

SØNDAG 24. MAI

Haukedalen kyrkje 11.00 Konfirmasjonsgudsteneste
Naustdal kyrkje 11.00 Høgtidsgudsteneste
Førde kyrkje 11.00 Høgtidsgudsteneste

MÅNDAG 25. MAI

Vevring kyrkje 11.00 **2. PINSEDAG**
Høgtidsgudsteneste

Gjevarteneste i Førde sokn

Ved å teikne fastgjevaravtale hjelper du oss å planleggje og drive kontinuerleg arbeid i kyrkja.

Du kan støtte kyrkjelydsarbeidet i Førde sokn generelt, eller Prosjekt Kraft. Lenkja for å bestille avtalegiro finn du på kyrkja.no/forde, ved å skanne bilete nedanfor, eller ta kontakt med kyrkjekontoret. Kryss av for skattefrådrag, så melder vi gáva til skatteetaten.

Du kan òg gje ein eingongssum på
Vipps til #93395 Førde kyrkje/sokn-offer&gáve



Påskefeiring for alle

Kyrkjelydane i Naustdal, Førde, Holsen og Haukedalen feirar Palmesøndag i lag:

I Naustdal kyrkje blir det gudsteneste for heile familien, med barnekor og palmeprosesjon. Etter gudstenesta blir det påskeverkstad og stor kyrkjekaffi på kyrkelydshuset.



GRAVFERDER

FØRDE KYRKJE

13.11	Inge Grov	f.1943
25.11	Erling Arne Gjelsvik	f.1933
27.11	Nils Johannes Refsdal	f.1930
28.11	Erling Håkon Hatlelid	f.1953
05.12	Norodd Atle Indrebø	f.1966
09.12	Sverre Bjørn Tjønneland	f.1945
16.12	Jan-Oddvar Kilsti	f.1948
23.12	Laila Hellebust	f.1936
02.01	Oliver Erlandsen Rivedal	f.2002
13.01	Solrunn Slinde Instefjord	f.1950
23.01	Kjellaug Ulltang	f.1924
12.02	Tora Gjelsvik	f.1918
19.02	Petra Johanna Gloppen	f.1932

SJUKEHUSKAPellet (Tilh. Førde)

27.11	Bjarte Solaas	f.1951
12.12	Åse Botnen	f.1948
16.12	Sigrid Lovise Fosse	f.1930
09.01	Villy Våge	f.1961
15.01	Bodil Eikeland	f.1959
16.01	Oddvar Thorse	f.1946
20.01	Alfhild Kjelsnes	f.1941
23.01	Olga Gulestøl	f.1932

SJUKEHUSKAPellet (Tilh. Naustdal)

18.12	Kåre Solberg	f.1937
-------	--------------	--------

HOLSEN KYRKJE

27.01	Lars Leif Holsen	f.1944
30.01	Norvald Nydal	f.1944

HAUKEDALEN KYRKJE

17.02	Leonard Oliver Birkeland	f.1936
-------	--------------------------	--------

NAUSTDAL KYRKJE

14.11	Einar Aamot	f.1934
05.12	Sigvald Hov	f.1940
09.12	Annlaug Horstad	f.1940
12.12	Harald Kvame	f.1952
12.12	Elisabeth Flølo Horstad	f.1940
16.12	Odd Nikolai Hårklau	f.1945
18.12	Kjell Savland	f.1959
19.12	Jorunn Johanna Holmeset	f.1943
29.01	Stian Aleksander Krognes	f.1974
19.02	Randi Helgås	f. 1947

VEVRING KYRKJE

27.01	Laura Andvik	f.1936
-------	--------------	--------

DØYPTE

FØRDE KYRKJE

9. NOVEMBER
Liva Høydal Hårklau

15. NOVEMBER
Emma Amalie Osland
Alea Hove O'Dea
William Hove O'Dea
Adrian Tyssedal Sundbotten
Ailo Berg Grimelid

16. NOVEMBER
Live Savland Helle
Lian Aamot Holsæter
Teodor Vindheim Hilding
Ørjan Elnes Tormodset
Maia Holme Karstad

23. NOVEMBER
Ida Ødven Lavik

30. NOVEMBER
Mailey Sofie Stubseid Nedrebø
Hermine Endestad Hjelmeland
Victoria Van Veen Bakke
Mia Sande Bøyum

7. DESEMBER
Henrik Midtvoll Øvrestrand

14. DESEMBER
Mari Meland Fludal

25. DESEMBER
Magnus Helmen Danielsen

28. DESEMBER
Kaja Tefre
Erling Stedje Årskaug

4. JANUAR
Elli Landøy Isene

11. JANUAR
Matheo Nydal Moldestad
Aslak Haugen Hetle

18. JANUAR
Frida Lerheim Aasen
Emilie Hagerup Karstad

1. FEBRUAR
Thale Eloise Rimstad

1. FEBRUAR
Matilde Akse Vallestad
Julian Møvik Bank
Selma Akse Erle
Oda-Emilie Martinussen Haugsvær

NAUSTDAL KYRKJE

15. NOVEMBER
Jonas Stegen
Døpt i Vangen kyrkje

16. NOVEMBER
Olivia Hjelle Sandvoll

14. DESEMBER
Liam Aase

4. JANUAR
Therese Geithus
Theo Eide Husabø
Sander Bruland

18. JANUAR
Mathea Lie Aven
Eleah Øybost Solsvik

1. FEBRUAR
Tilde Mulen Høivik

VIGDE


FØRDE KYRKJE

14. FEBRUAR
Ole-Kristian Espeland og
Malin Signe Paulina Ivarsson
Stian Landøy og Tove Isene
Thor Ove Farsund og
Svanhild Røkenes
Arne Rune Indrebø og
Monica Diana Grønliid

NAUSTDAL KYRKJE

1. FEBRUAR
Ingvild Mulen og
Andreas Osland Høivik

*Vi tar berre med namn på døypte
og vigde når det er gitt samtykke
til publisering.*



Returadresse
Førde kyrkjekontor
Kyrkjevegen 23F
6809 FØRDE

Førde kyrkje støtter kyrkja på Cuba

På Cuba er butikkhyllene tomme og fattigdommen stor. Iglesia Evangelica Ñnida Sinodo Luterano (IEU) prøver å gjere noko med det.

Tekst: Utdrag frå nettsidene til Bjørgvin bispedømme og Normisjon.

For fem år sida gjorde bispedømerådet i Bjørgvin vedtak om venskapssamarbeid med den lutherske kyrkja på Cuba, Iglesia Evangelica Ñnida (IEU), ei kyrkje Normisjon har hatt kontakt i over 20 år. No er også Førde kyrkjelyd med. På nokre gudstenester vil kyrkjeofferet gå til venskapskyrkja på Cuba.

Den lutherske kyrkja på Cuba har fem kyrkjelydar i Santiago og tre i Guantánamo-området, og er i gang med å byggje opp ein kyrkjelyd i hovudstaden Havana. IEU har òg eige teologisk seminar med kurs og undervisning til diakonar og pastorar.

I januar 2024 var ei gruppe frå Bjørgvin på tur til Cuba og fekk sjå korleis kyrkja der jobbar. Nokre av kyrkjelydane manglar eige kyrkjebygg, og presten held gudstenester i eigen heim. Fleirtalet i kyrkjelydane er kvinner, mange av dei



Konfirmasjon i ei kyrkje på Cuba. Foto: Jan Ove Fjelltveit

har høg utdanning og fleire kvinner har utdanna seg til pastor. Kyrkjene ligg i fattige område, og kyrkjelydane driv eit utstrekt diakonalt arbeid. Dei driv òg fleire barnehagar.

Situasjonen på Cuba er svært kritisk. Det er mangel på drivstoff og på heilt basale ting, men situasjonen kjem i skuggen av kriser mange andre stader. Styresmakterne på Cuba søker òg å halde oppe eit bilete av at ting fungerer, noko det ikkje gjer.

Normisjon har organisert hjelpesendingar med medisinsk utstyr, mat, hygieneartiklar, kle, sko, sykklar, symaskinar m.m. i samarbeid med fleire kyrkjelydar i Bjørgvin bispedømme. Kyrkja på Cuba har fordelt hjelpa der det er størst behov. Dei set òg pris på at nokon kjenner til deira situasjon og tek gjerne imot fleire besøk.

Meir informasjon kan du finne på heimesidene til Bjørgvin bispedømme og Normisjon.



Førde kyrkjetun

har lokale som høver dei fleste arrangement:

- Selskap, konfirmasjon, barnedåp og bryllaup
- Barneselskap og årsmølsdagar
- Minnesamvær
- Årsmøte, kurs/konferansar osv.

Ta kontakt for bestilling eller tilbod:

Tlf. 99 15 13 07 eller ann.berit.steiro@sunnfjordkyrkja.no



Lokale til leige på Naustdal kyrkjelydshus

Har du ein dag som skal feirast? Fyller du rundt år, eller er det barnedåp eller konfirmasjon i familien?

Kyrkjelydshuset i Naustdal har fleire lokale til leige.

Vi leiger også ut til ulike organisasjonar, m.a. til årsmøte.

Kontakttelefon 99 27 99 55.

E-post: kyrkjelydshusetnaustdal@gmail.com